



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 07. februar 2019

**Stad:** Meland kommunehus – Møterom 1

**Kl.:** 08.30 – 11.15

**Tilstade:** Kåre Skibenes (leiar), Birgit Haugen Pihl (vara for Lars Barstad), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen), Morten Klementsens (medlem) og Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug)

**Innkalla:** Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 05/19)

**Revisjon:** Revisjonssjef Janne Eraker, Nordhordland Revisjon IKS (til sak 04-05/19)

**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:** Lars Barstad, Aslaug Aalen og Øyvind Bratshaug  
Morten Klementsens fekk permisjon frå kl 10.30 (etter sak 07/09)

---

### 01/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

### 02/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møtet 15.11. 2018 med  
Revidert prosjektplan for forvaltningsprosjekt, *Helsetilbodet til barn og unge*

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen frå 15.11. 2018 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteprotokollen frå 15.11. 2018 er godkjent

### **03/19 Skriv og meldingar**

#### Saksvedlegg:

1. Vedtak fellesnemnda Alver 03.12.2018- Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet i Alver kommune
2. Skatteetaten brev 18.12.2018 - Rapport frå kontorkontroll 2018 av skatteoppkrevjarfunksjonen for Modalen, Meland, Osterøy, Radøy og Lindås
3. Fylkesmannen i Hordaland, avslutting av tilsyn ved Nordhordland legevakt, brev 12.12.2018

#### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### **04/19 Nordhordland Revisjon – orientering ved ny revisjonssjef**

#### Saksvedlegg:

#### Saksopplysningar:

Ny revisjonssjef Janne Eraker i Nordhordland Revisjon IKS var invitert til møtet. Ho orienterte om ulike saker og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet

#### Behandling i møte:

Revisjonssjefen orienterte mellom anna om:

- Eigen bakgrunn - utdanning og praksis
- Status og planar for Nordhordland Revisjonsselskap IKS
- Fokus på regnskapsrevisjon og fristar i tida framover

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for informasjon og tek den til orientering

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for informasjon og tek den til orientering

### **05/18 Rådmannen si oppfølging av revisjonsrapport nr 15**

#### Saksvedlegg:

Notat frå økonomisjef Per Inge Olsen datert 05.02.2019 - ettersendt innkallinga

#### Saksopplysningar:

I sak 23/18 gav kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap / årsmelding for 2017 og revisjonsrapport nr 15.

I møte den 15.11.18 orienterte økonomisjef Per Inge Olsen om korleis rapporten til då var følgt opp.

Det vart i møte avtalt at økonomisjefen skulle inviterast til første møte i 2019 for å gje ei oppdatering av arbeidet.

**Behandling i møte:**

Økonomisjef Per Inge Olsen møtte i saka. Han orienterte om korleis rapporten er følgt opp og kva problemstillingar som treng vidare avklaring. Økonomisjefen orienterte grundig om utsendt notat.

Saka vart drøfta og økonomisjefen svarte på spørsmål frå utvalet. Økonomisjef og revisjonen vil ha ein vidare dialog om ulike problemstillingar.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

## **06/19 Årsmelding kontrollutvalet - 2018**

**Saksvedlegg:**

Framlegg til årsmelding for kontrollutvalet

**Saksopplysningar:**

Sekretariatet har laga framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2018. Årsmeldinga skal gå som eigen rapport til kommunestyret for slik å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2018 slik den ligg føre / med dei endringar som vart gjort i møte.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2018 slik den ligg føre.

## **07/19 Innkjøp av revisjonstenester for Alver kommune – prosess /gjennomføring**

**Saksvedlegg:**

- Fellesnemnda Alver - vedtak møte 03.12.2018, sak 062/18
- Kjøp av revisjonstenester – konkurransegrunnlag, framlegg datert 15.01.18

**Saksopplysningar:**

På bakgrunn av tilrådingar frå kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy, gjorde fellesnemnda for Alver slik vedtak i møte den 3. desember 2018 :

**FA- 062/18 Vedtak:**

Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

På felles møte for kontrollutvala på Alver hotel den 2. november 2018 orienterte prosjektleiar/rådmann Ørjan Raknes om at Lindås kommune kunne yte naudsynleg hjelp til gjennomføring av ein tilbodskonkurranse dersom dette vart aktuelt.

Lindås kommune er derfor engasjert til å bistå kontrollutvala med dette arbeidet. Med grunnlag i fellesnemnda sitt vedtak og ovannemnde opplysningar har Lindås kommune utarbeida eit framlegg til konkurransegrunnlag for kjøp av revisjonstenester for Alver kommune.

I samråd med Lindås kommune har sekretariatet utarbeida slik framlegg til prosess for ei vidare oppfølging av fellesnemnda sitt vedtak.

Oppdragsgjevar

Alver kommune er oppdragsgjevar for konkurranse / kontrakt.

Oppdragsgjevar sin kontaktpersonar ved utlysing av konkurransen og hovudansvarleg for evaluering av innkomne tilbod er: Økonomisjef Janne Sund

Arbeidsgruppe

Kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås skal kvar, gje si tilråding til fellesnemnda for val av revisor.

For å få ein effektiv og koordinert gjennomføringsprosess vert det sett ned ei arbeidsgruppe med leiarane frå kvar av dei tre kontrollutvala som medlemmer og med nestleiarane som personleg vara.

Arbeidsgruppa sitt mandat er å samordne arbeidet, avklare ulike spørsmål og delta i ein gjennomgang av innkomne tilbod etter at dei er evaluert.

Framdriftsplan

Følgjande plan vert føreslege lagt til grunn for gjennomføring av anbodskonkurranse og tildeling av oppdrag.

<b>Tid</b>	<b>Aktivitet</b>	<b>Milepel</b>	<b>Vedtak</b>
v. 2-3	Førebuing og utarbeiding av konkurransegrunnlag		
v. 4-7	Kontrollutvala godkjenner prosess for innkjøp av revisjonstenester	x	x
v. 7	Arbeidsgruppa avklarar evt. spørsmål til kontraktsgrunnlag før utlysing		
v. 14	Arbeidsgruppa har ein gjennomgang av		

	evaluerte tilbud		
v. 15	Sak til kontrollutvala for tilråding		
april/mai	Kontrollutvala – tilråd revisor	x	x
03.06.19	Fellesnemnda Alver – tildeler kontrakt for revisjonsoppdrag	x	x
01.01.2020	Oppstart av kontrakt	x	

### **Konklusjon**

- Etter tilbakemelding frå kontrollutvala gjennomfører Lindås kommune anskaffinga med den kravspesifikasjonen som ligg føre
- Tildelingskriteria vert 50/50 mellom pris og kompetanse
- Anskaffinga vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, og vert gjennomført i Lindås kommune sitt KGV system, Mercell. Anskaffinga vert lyst ut i samsvar med godkjente malar i systemet.
- Utlysinga skal gjennomførast slik at det kan vedtakast tilråding av val av revisor i KU april/ mai og vedtak om tildeling av kontrakt i fellesnemda i Alver 03.06.2019
- Oppstart av kontrakt er 01.01.2020

### **Behandling i møte:**

I møte vart det gjeve ei orientering om framlegget til konkurransegrunnlag med fokus på:

- Kap. 6 - punkt 6.5
- Kap. 7
- Kap. 8 – punkt 8.1 og 8.2

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innhaldet i framlegget til konkurransegrunnlag. Anskaffinga vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, og gjennomførast i Lindås kommune sitt KGV system, Mercell, i samsvar med dei malar og oppbygging som ligg i konkurransegjennomføringsverktøyet.

Kontrollutvalet gjev ei arbeidsgruppe fullmakt til å godkjenne og koordinere mindre justeringar i konkurransegrunnlaget før utlysing.

Kontrollutvalet oppnemner slik samansett arbeidsgruppe:

Kåre Skibenes, Meland kontrollutval – vara Lars Barstad  
Astrid Nordanger, Radøy kontrollutval – vara David Pletten  
Leif Erik Gullanger, Lindås kontrollutval – vara Rolf Henning Hegland

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innhaldet i framlegget til konkurransegrunnlag. Anskaffinga vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, og gjennomførast i Lindås kommune sitt KGV system, Mercell, i samsvar med dei malar og oppbygging som ligg i konkurransegjennomføringsverktøyet.

Kontrollutvalet gjev ei arbeidsgruppe fullmakt til å godkjenne og koordinere mindre justeringar i konkurransegrunnlaget før utlysing.

Arbeidsgruppa sitt mandat er å samordne arbeidet, avklare ulike spørsmål og delta i ein gjennomgang av innkomne tilbod etter at dei er evaluert.

Kontrollutvalet oppnemner slik samansett arbeidsgruppe:

Kåre Skibenes, Meland kontrollutval – vara Lars Barstad  
Astrid Nordanger, Radøy kontrollutval – vara David Pletten  
Leif Erik Gullanger, Lindås kontrollutval – vara Rolf Henning Hegland

## **08/19 Førespurnad til kontrollutvalet – spørsmål til kommunen si sakshandsaming**

### Saksvedlegg:

#### Saksopplysningar:

Sekretariatet har motteke følgjande førespurnad til kontrollutvalet frå Leif Johnsen, som er kommunestyrerepresentant for MDG i Meland:

«Spm til sakshandsaming.

Gjeld klage på oppstartsløyve i utbyggingsområde B5 Mjåtveitmarka.

Mjåtveitlvens forening har sendt inn klage på nemde oppstartsløyve.

Arbeidet er startet opp og godt i gang før klagen er handsama og klagar har motteke svar.

Er dette ein sak for Kontrollutvalet?»

#### Vurdering:

Sjølve klagen er ikkje noko sak for kontrollutvalet. Den vert handsama og følgd opp av vedtaksorganet for saka – Utval for drift og utvikling (UDU).

Etter avtale med leiar er rådmannen førespurt om å gje ei orientering til kontrollutvalet om saksgang, fristar og rutinar for handsaming av denne type klager på generelt grunnlag.

Rådmannen har meldt attende at korkje han eller teknisk leiar har høve til å delta i møte her, men vil kunne møte og gje ei slik orientering i neste møte dersom kontrollutvalet ønskjer dette.

#### **Behandling i møte:**

##### **Saka vart kort drøfta**

#### **Framlegg til vedtak:**

Rådmannen vert invitert til møte den 11.04.2019 for å orientere om saksgang, fristar og rutinar for handsaming av klagesaker på dette fagområdet.

#### **Samrøystes vedtak:**

Rådmannen vert invitert til møte den 11.04.2019 for å orientere om saksgang, fristar og rutinar for handsaming av klagesaker på dette fagområdet.

## 09/19 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene slik:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsens

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

### Behandling i møte:

Ingen saker vart tekne opp i møtet

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

## 10/19 Eventuelt

### Behandling i møte:

### **Leiar gav ei kort orientering om ulike tema som var teke opp på NKRF kontrollutvalgskonferansen 2019**

Utvalet drøfta ulike problemstillingar som var tema på konferansen («Tolga-saka» og endring av vergemålsordninga).

### **Ny møtedato vert fastsett til torsdag 11. april 2019 kl 08.30.**

Førebels saker til neste møte:

- Informasjon om fellesnemnda sitt arbeid / dialog med ordførar vedkomande Meland og Alver
- Orientering frå rådmannen om handsaming av klagesaker
- Uttale til årsrekneskap / årsmelding 2018

Frekhaug, torsdag 7. februar 2019

Kåre Skibenes / leiar  


  
Øyvind Olsnes / sekretær